
177. Tove Elise Madland (Spørsmål)

Mitt spørsmål går til den svenske samarbeidsministeren.

Kvar einaste dag er det mange nordiske borgarar som reiser på tvers av grensene våre. Det kan vere turistar, det kan vere studentar, og det kan vere arbeidspendlarar. Kvar einaste land har minst ei billettløysing, og mange stader har trafikkselskapa òg si eiga løysing. Det hindrar dei gode fleksible reisene som me ønskjer å ha på tvers av landa våre. Kan ministeren vere positivt innstilt til å skape ei felles nordisk billettløysing?

Informasjon

Tale nummer

177

Type

Spørsmål

Person

[Tove Elise Madland](#)

Status

Waiting for transcription

Dato

01.11.23 14:11